



Notat

Emne: Retningslinjer for bruk av investeringsmidlar til turstiar

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 15/334 - 15/1915 /

Dato: 18.02.2015

Det er i budsjettet for 2015 sett av midlar til turstiar i Radøy kommune. Rådmannen har vedtatt følgjande retningslinjer for bruk av desse midlane:

1. Midlane kan brukast til gjerdeklyver, klopper, benkar og anna tilrettelegging av turstiar som vil gjera turstien meir attraktiv for friluftaktivitet. Midlane skal ikkje brukast til skilting av stiar, men kan nyttast til for eksempel informasjonsskilt ved kulturminne. Midlane skal nyttast til å dekkja kostnader til materiell og eventuelt produksjon av klopper, gjerdeklyver o.l. dersom ein kjøper desse inn ferdig.
2. Turstiar som er merka og gradert etter nasjonal standard, og turstiar som er mykje nytta skal prioriterast.
3. Det skal føreliggja grunneigaravtale mellom Radøy kommune og grunneigar. Standardmal for avtalar skal nyttast. Det skal skrivast avtale om vedlikehald av stien mellom kommunen og tilretteleggjar. Avtalane skal gjelda for minst 10 år.
4. Søknader om midlar til tilrettelegging av turstiar skal sendast skriftleg til kommunen. Søknaden opplysa om kva for tilrettelegging det er behov for (tal og storleik på gjerdeklyver, klopper m.m.), kor mykje stien er nytta, potensiale for auka bruk og informasjon om søkjar/tilretteleggjar av stien. Søknadsfrist er 12. april.

Søknad skal sendast Radøy kommune på e-post postmottak@radoy.kommune.no eller pr post til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger.

Kontaktperson i Radøy kommune er Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12/e-post bente.hervik@radoy.kommune.no

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

